

## Infoskriv desember 2016

### Nye Ogna skule

Det er stor aktivitet på skuletomta for tida. Elevpaviljongane er reiste, og no er det element til fellesareala som skal på plass. Arbeidet går fortsatt etter framdriftsplanen, og det betyr at den nye skulen er innflyttingsklar om eitt år. Det blir ein flott julegave!



### Elevundersøkinga 2016

I byrjinga av november gjennomførte me elevundersøkinga for 6. – 10. trinn. For alle skulane i Jærskulen er denne undersøkinga obligatorisk for desse klassetrinna. Nasjonalt er undersøkinga obligatorisk for 7. og 10. trinn.

Generelt for Ogna skule ser me ei positiv utvikling innafor hovudområda i undersøkinga, som er trivsel, motivasjon, klasseleiing og vurdering. Når me samanliknar med resten av Jærskulen, er det særleg 10. trinn som utmerkar seg med ei positiv haldning til skule, og dette gjev utslag på alle måleindikatorane. Me hadde same tendensen i fjar, då var det også 10. trinn som skilte seg positivt ut.

Når det gjeld utviklinga på dei ulike trinna våre frå i fjar, så er det 8. og 10. trinn som har ei markant positiv utvikling, spesielt innafor hovudområdet motivasjon.

Den største utfordringa har me på 7. trinn. Her har me sett ei negativ utvikling etter at me flytta til brakkene på Vigrestad. Det har slått ut på alle hovudområda i undersøkinga. Når det gjeld mobbing, melde fleire elevar i 7. klasse at dei vart utsette for negative kommentarar, spesielt på skulebussen og i friminutta. Mykje av dette har ikkje kome fram i utviklingssamtalar og elevsamtalar.

På bakgrunn av dette har det blitt sett i gang omfattande tiltak i klassen, og den siste månaden har det vore ei gledeleg positiv utvikling. Skulen har fått tilbakemeldingar frå både elevar og føresette om at mobbinga har stoppa. Både lærarane på trinnet og leiinga ved skulen kjem til å vera tett på dette trinnet utover heile våren for å sikre at den positive utviklinga held fram.

## **Partnarskap mot mobbing**

Det nærmar seg tidspunktet for dette arrangementet som skal vera onsdag 11. januar 2017 kl 17.00 – ca 18.30 i Ognahallen. Ordførar vil koma, og me får musikalske innslag av Tønes.

Minner om at alle aktivitetar som føregår i lag og organisasjonar i dette tidsrommet blir avlyste sidan alle vert med på markeringa i hallen.

Me håpar at fokuset me her set på arbeidet mot mobbing alle stader der barn og ungdom er i organisert aktivitet, skal hjelpa oss mot målet om eit mobbefritt lokalmiljø.

## **Organisering av skuledagen**

Alle skulane i Jærskulen, dvs. kommunane Hå, Klepp, Time og Gjesdal, skal frå hausten 2017 leggja til rette for samarbeid på tysdagar. Det kan vere lærarnettverk på tvers av kommunane, og samlingar som er i regi av Hå kommune.

For Ogna skule betyr det at halv dag på onsdagar for 1. – 7. trinn blir flytta til tysdagar. I tillegg blir halv dag på mandagar for 1. og 2. trinn flytta til torsdagar. Elles vil skuledagane starta og slutta på same tid som no fram til me flyttar inn i ny skule.

## **Endringar i personalet**

I løpet av hausten har fire tilsette ved skulen slutta og gått av med pensjon. Det gjeld Gunvor Evy Kloster, Ragnhild Friestad, Olaug Waldeleand og Guri Synnøve Forberg. Eg vil takka dei alle for den innsatsen dei har lagt ned for elevane våre gjennom mange år, og ønskja dei lukke til i ein ny fase i livet.

Frå 1.1.17 er Kirsti Slettebø tilsett som elevassistent. Ho har arbeidd på skulen tidlegare, då med ansvar for kantinedrifta. Ho vil vera på 5. trinn, 7. trinn og SFO. Elles er Kirsten Iren Dubland delvis tilbake frå permisjon. Ho vil gradvis auke stillinga si utover våren, og vere tilbake i full stilling som kontaktlærar frå hausten 2017.

Med dette vil eg ønskja dykk alle God jul og Godt nyttår!

Med helsing

Helge Håland

Rektor